



Referansar:
Dykkar:
Vår: 14/1490 - 16/9054

Saksbehandlar:
Kristine Skaiaa Born
kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:
06.07.2016

Utsetting av frist for etterarbeid Sæbø skogsveg

Delegasjonssak nr.:

Saksopplysningar:

Saka gjeld vilkår løyve til landbruksveg – Sæbø skogsveg (arkivsak: 12/2128). Det er i saka satt desse vilkåra:

1. Skjeringar og fyllingar skal bli jordslått og sådd til for å skjule inngrepa i landskapet.
2. Vegen skal byggjast i tråd med søknad så den vert godkjent for omsøkte vegnormalar
3. Vegannlegget, inklusive etterarbeid skal verte godkjent av landbrukskontoret.
4. Veganlegget skal stengjast med bom for å avgrensa motorisert ferdsel i området.
5. Samtykket gjeld i tre år frå vedtaksdato.

Det vil ila hausten vert foretatt ein ferdiggodkjenning av veganlegget (eige dokument), men vilkår 1,3 og mogleg 4 vil ikkje verte ferdige til denne tekniske godkjenninga.

Det er ved etablering av veg etablert eit større steinuttak langs vegen, her er det i dag ein stor skjæring (sjå vedlagt kart). Her vil det vere gunstig å hente ut stein til vidare vegprosjekter, er 2 mindre veger i området under planlegging per dags dato. Eller skjæring må fylles opp med masser jordslås og tilplantes. Begge disse løysingane vil krevje meir enn 2-3 måneder.

Jordslåing av vegkantene og tilplanting av disse krevjer tilgang på reine jordmasser og trenger og lenger tid på ferdigstilling enn 3 måneder.

Sakshandsaming:

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 2015-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

Vedtak:

Normann Sæbø, på vegne av Sæbø Haukeland SA, får utsettelse på vilkår 1,3 og 4 i løyve til bygging av landbruksveg dagsett 14.06.2013.

- Skjeringar og fyllingar skal bli jordslått og sådd til for å skjule inngrepa i landskapet.
- Alternativt kan steinuttak kan omsøkes nytta på andre veganlegg i området
- Veganlegget, inklusive etterarbeid skal verte godkjent av landbrukskontoret.
- Veganlegget skal stengjast med bom for å avgrensa motorisert ferdsel i området.

Frist utsett til 01.10.2019

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan frist for løyve , fell løyvet bort, jf FOR 2015-05-28-550, §3-2.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Kristine Skaiaa Born.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

